

Folkeliv og verdskrig på nynorsk i Prøysenland

– I Moelv miste over tjue sivile livet i krigshandlingane i april 1940. Likevel var det mange som melde seg inn i Nasjonal Samling etterpå, fortel forfattaren Torbjørn Hovde.

Ottar Fyllingsnes

ottar@dagogtid.no

Den første romanen til Hovde slutta i 1921. Der byrjar den andre – utan at det er noka framhaldsforteljing, og han trekkjer linene fram mot 1947.

– Det er ei hard tid – både med forbodstid, dei harde trettiåra, den andre verdskrigen og fredstida. Eg har drive mykje etterrøking for å få innhaldet historisk korrekt, men det er no ein roman, og naturlegvis er det ein del løgn også.

– **Du skriv om ein stad som heiter Torpet, og det er stasjonsbyen Moelv?**

– Det kan vera det!

Då tyskarane kom til Moelv i 1940, hadde det norske forsvaret organisert seg.

– Det vart trekt ei forsvarslinje frå Valdres, gjennom austlandsbygda her og til svenskegrensa, men det kom til å gå hardt utover sivilfolket, fortel Hovde.

Han meiner at grunnen til at mange melde seg inn i NS, var at folk trudde at dei kunne tena på det.

– Men det handla om å gjera det rette valet den gongen også. I Moelv braut freden laus i maidagane 1945. Det var mange som knytte nevane mot dei som hadde vore på den galne sida, men hedmarkingane er sindige, og eigentleg gjekk det greitt for seg.

Nynorskroman

Thorbjørn Hovde (61) kjem frå Ringsaker, bygda til Alf Prøysen. Han er lærar på Moelv ungdomsskule, snakkar solid ringsakerdialekt, men midt oppi bokmålslandet skriv han romanar på nynorsk.

Den første heitte *Maur* og kom ut i 2000. Kritikane var gode, og romanen vart innkjøpt av Kulturrådet.

No slår Hovde til på nytt, med ein lettlesen murstein på over 600 sider – på nynorsk. Tittelen *Mot rikare mål å trå* har han henta frå Anders Vassbotns kjende salme «Å leva, det er å elska».

– **Kva er moralen i romanen?**

– Kanskje at ein skal trekkja opp ei rein line for livet sitt og følgja den – utan å tenkja på kortsiktig profitt.

Eige forlag

Hovde sende romanmanusa til Aschehoug, men forlaget takka nei begge gongene. Etter det første avslaget starta Hovde sitt eige forlag. Den første romanen trykte han i eit opplag på 1700, og no er han så godt som utseld.

Den nye romanen er trykt i eit opplag på 1500, og han har selt i 300 eksemplar. No er boka inne til vurdering i Kulturrådet, og Hovde er naturlegvis spent på korleis det går.

– Skrivninga er ein hobby for meg. Pengane eg har lagt ut, har eg tent inn att, men det kunne vera kjekt å tena litt også. Eg har brukt tre år på skriveprosessen, men dei første skissene til romanen er langt eldre.

Ligg nær dialekten

Torbjørn Hovde viser til at ringsakerdialekten ligg nær opp til nynorsk, men det er ikkje mange i distriktet som skriv på nynorsk.

– Sjølv har eg vakse opp med bokmål, men når eg skal skriva bok, synest eg det vert best med nynorsk. Den nye romanen er ei bygdeskildring, og då passar det å bruka bygdemålet.